



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

## Svar på søknad om tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav. Søknaden gjeld prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden». I tillegg til søknaden for 2022 har Nav Fensfjorden sendt prosjektrekneskap og statusrapport for 2021.

### Tildeling for 2022

I medhald av paragraf 8 i forskrifta om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i Nav-kontoret innvilgar vi **315 112 kroner** i statleg tilskot. Tilskotet er gitt over statsbudsjettet kapittel 0621.63. I lag med overførte prosjektmidlar frå 2021 har de med dette til rådvelde 325 000 tilskotskroner.

### Tilskotsordninga

Føremålet med tilskotsordninga er å stimulere til utvikling av sosiale tenester og tiltak etter sosialtenestelova. Overordna mål for ordninga er eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa brukarane sine behov og auka kvalitet på tenestene.

Tilskot blir gitt for eitt år om gongen, og kan maksimalt bli gitt i tre år. Vi legg til grunn at treårsperioden for statleg tilskot til prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden» er frå 1. november 2019 til 31. oktober 2022.

Tilskotet skal brukast i samsvar med regelverket for ordninga og krava i dette brevet. Det er såleis ein føresetnad at den som arbeider i prosjektstillinga utfører oppgåver i samsvar med søknaden.

### Berekning av tilskot

I medhald av reglane for tilskotsordninga kan vi innvilge inntil 610 000 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter for ei hundre prosents stilling for eitt år. I tillegg kan vi i år innvilge inntil 20 000 kroner til kompetanse i samband med prosjektet. Kommunen må sjølv dekke eventuelle lønskostnader utover 610 000 kroner. Også reiseutgifter og andre prosjektkostnader må kommunen dekke sjølv.

I 2019 fekk prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden» tilskot på 610 000 kroner til løn ei stilling. Prosjektmedarbeidaren byrja i stillinga 1. november 2019, og 503 447 kroner vart overført til 2020.

I søknaden for 2020 berekna de eitt årsverk til 500 000 kroner. Arbeids- og velferdsdirektoratet innvilga 173 220 kroner i tilskot, som kom i tillegg til dei overførte midlane frå 2019.

I 2021 innvilga vi 610 000 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter for perioden 1. mai 2021 – 30. april 2022 og 10 000 kroner til kompetansetiltak i 2021.



Ifølgje rekneskapen brukte de 670 768 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter i 2021, og 112 kroner til opplæring/kursutgifter.

Maksimalt tilskot til løn for resten av prosjektperioden, 1. mai 2022 – 30. oktober 2022, er 305 000 kroner.

Maksimalt prosjekttilskot til kompetanse for 2022 er 20 000 kroner. Når de berre brukte 112 kroner til opplæring/kursutgifter i 2021, legg vi til grunn at de overfører 9 888 kroner til kompetanse i 2022. Når vi trekker frå dei overførte 9 888 kronene, kan vi innvilge 10 112 kroner til kompetanse for 2022.

Etter dette innvilgar vi 305 000 kroner til løn og sosiale utgifter og 10 112 kroner til kompetanseføremål i samband med prosjektet, til saman 315 112 kroner.

### **Utbetaling**

Vi vil betale ut tilskotet for 2022 når de har returnert i utfylt og signert stand den vedlagde stadfestinga på at de aksepterer vilkåra for tilskotet. Dersom de ikkje bruker alle midlane frå prosjekttilskotet i 2022, må de tilbakeføre ubrukne midlar til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

### **Kontroll**

Statsforvaltaren, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at prosjektmidlane vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingreglement paragraf 10 andre ledd og paragraf 12 i forskrifta for tilskotsordninga.

### **Rapporteringskrav**

De skal levere rekneskap til Statsforvaltaren for bruken av årets prosjektmidlar innan 1. februar 2023. Det er krav om at de skal føre eige prosjektrekneskap og setje opp ein eigen koststad for prosjektet, sjå paragraf 11 i forskrifta for tilskotsordninga. Det er ikkje krav om revisjonsrapport.

Dersom de ikkje har brukt heile tilskotet når prosjektet vert avslutta, skal de betale tilbake dei ubrukne pengane til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Ta i tilfelle kontakt med oss for å informere om kva som har skjedd, og for å få oppgitt kontonummer for tilbakebetalinga.

De skal innan 1. februar 2023 rapportere til Arbeids- og velferdsdirektoratet om status for prosjektet, på eit elektronisk skjema som de vil få tilsendt lenkje til.

Ved avslutning av prosjektet skal de utarbeide ein sluttrapport, sjå forskrifta paragraf 11 tredje ledd.

### **Vesentlege endringar**

Alle vesentlege endringar i prosjektet må avklarast med Statsforvaltaren. De kan ikkje endre føremålet med prosjektet utan etter godkjenning frå Statsforvaltaren.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonssjef

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne underskrifter.*

Kopi til Nav Fensfjorden og til Arbeids- og velferdsdirektoratet

Vedlegg: Forskrifta for tilskotsordninga



## Stadfesting på aksept av vilkår for tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret

De kan sende stadfestinga i utfylt stand til Statsforvaltaren i Vestland på organisasjonsnummer: 974760665, eventuelt per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) eller per brevpost til:

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

*Statsforvaltarens referanse: 2021/17223*

### STADFESTING

Kommunens/tilskotsmottakars organisasjonsnummer: .....

Bankkontonummeret som tilskotet skal betalast inn på: .....

Namn, postadresse, e-post og telefonnummer på kontaktperson/prosjektleder:

Masfjorden kommune har i brev datert 9. februar 2022 fått tilsegn om eit tilskot **315 112 kroner** over statsbudsjettet kapittel 0621.63 til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret.

Masfjorden kommune stadfestar med dette å ha lese og godteke dei vilkåra som er gitt i tildelingsbrevet av 9. februar 2022.

|       |       |   |
|-------|-------|---|
| ..... | ..... | .....   |
| stad  | dato  | signatur av kommunedirektøren/rådmannen eller den som har fullmakt til å signere på vegner av kommunedirektøren/rådmannen |